

Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato	09.09.2022
Vår referanse	2022/80233-2
Dykkar referanse	22/717 - 4
Sakshandsamar	Andreas Sivertsen Våge
E-post	Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no
Telefon	45617420

Svar på søknad til uttale - dispensasjon - naust - gnr. 160 bnr. 94 - Sævrøy - Austrheim kommune

Me viser til oversendingsbrev datert 21.08.22 med sak for uttale.

Saka gjeld

Austrheim kommune har motteke rammesøknad for dispensasjon for å oppføra naust på gnr. 160 bnr. 93 i Austrheim kommune.

Vi uttalar oss som vegmynde med ansvar for trafikktryggleik og framkome på fylkesveg.

Uttale frå infrastruktur og veg

Der er søkt om å oppføra naust på eigedomen gnr. 160 bnr. 94 i Austrheim kommune. Eigedomen har tilkomst frå fylkesveg 568 Sævrøyvegen. Områder kor det finnes reguleringsplanar eller bebyggelsesplanar skal behandlast gjennom plan- og bygningsloven som kommunen har ansvar for. Tiltaket vedkjem ikkje byggegrense langs fylkesveg 568 Sævrøyvegen.

Naustet vil bli brukt til oppbevaring av båt og lagring av utstyr til fiske og fritidsaktivitetar. Slik vi forstår søknaden vil det ikkje bli opparbeidd ny parkeringsplass tilhøyrande naustet, og det er eigarane av bustaden på eigedomen så vil nytte seg av naustet. Vi vil likevel vise til at det er krav om eige avkøyrsløyve ved opparbeiding av parkeringsplass til naustet. Vi viser til at føresegn §1.6.8 i kommuneplanens arealdel seier at naust med eiga gnr./bnr. skal ha 1 parkeringsplass til bil.

Kommunen må vurdere om det er behov for å behandle søknad om avkøyrsløyve i denne saka. Dersom kommunen stiller krav til parkering for tiltaket vil det utløyse krav om avkøyrsløyve. Fylkesveg 568 har haldingsklasse «mindre streng» jf. rammeplan 2021-2024 for avkøyrsløyer og byggegrenser. ÅDT på staden er 200 og fartsgrensa er 80 km/t. Det vil si at eventuell godkjenning av utvida bruk av bustadavkøyrsløyer til bustadføre mål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt.

Infrastruktur og veg ved Vestland fylkeskommune er positive til at det vert gjeve dispensasjon i denne saka.

Me gjer merksam på at andre avdelingar i Vestland fylkeskommune kan komme med uttalar innan sine fagfelt.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Andreas Sivertsen Våge
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift